

SUNNFJORD OUTDOOR 2010

Laurdag 14. august

Vandring langs gamle ferdselsvegar
frå Holsen til Angedalen (500 m.o.h.)



Bli med på kulturvandring frå Holsen til Norddalen, med kaffirast på Nordalsstølen, vidare langs gamle stiar til Gjesdalen i Jølster. Etter å ha kvilt og fått mat held de fram turen frå Jølstraholmen over Botnaskaret til Hegrenes Bruk i Angedalen (evt. start turen her på Vassenden). Servering av varm suppe og kulturoppleving når de kjem fram! (Neste dag er det høve til å halde fram turen vidare til Trodalen og evt. Naustdal, enten opp lia til Trodalen direkte, eller gå den tunge vegen over Sandfjellet 1249 m.o.h.).

NB! Vil du vere med på turen vidare neste dag til Sandfjellet eller Trodalen er det mogeleg å overnatte på Hegrenes Bruk (bestilling tlf 92 44 87 84).

Start og

Parkering: Holsen skule

Tid: Kl. 8:30

Varighet: 8-9 timar med pausar og informasjon. ca 25 km i lett terreng.
7 km på traktorveg.

Pris: For guida tur kr 100,- pr person. For servering og musikalsk kulturoppleving kr 150,- pr person på Hegrenes Bruk. Betaling direkte til guide/Hegrenes Bruk.

Påmelding: Ved start og meld då frå til guide med ynskje om servering i Angedalen.

Guide: Kjell Arne Hjellbrekke, kjell.arne.hjellbrekke@online.no, tlf. 95 82 79 76.

Avlysing i tilfelle dårleg ver! **Kulturarrangementet på Hegrenes Bruk går som annonsert.**

Meir info, ring 57 72 19 51

www.sunnfjord.no

reisemål
Sunnfjord

Fosseheimen - mellom bre og fjord